



Leikanger 14.september 2021

Møte i Leikanger Sokneråd tysdag 14. september 2021

Til stades: Signe Eikenes, Åse Kongsvik, Elin Borlaug Hauge, Tove Stensås og Vegard Bondevik Lie. Varamedlemmene Eli Marita Vik Næss og Ida Røysum møtte for Jon Erling og Tore Oddvin.

Sak 37/21

Innkallinga og referatet er godkjende.

Sak 38/21 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Skriv

- Ingen skriv til dette møtet

Møtebok

- Ingen møtereferat sidan sist

Meldingar

- Basar for kyrkjelydshytta i Sogndalsdalen (alle si hytte!) vert mest truleg 15.september, anten på Stedjetunet eller i Frelsesarmeens.

Orienteringssaker:

- Tekstlesarkurs.
 - Bjørg Anda og Gerd Haugen deltok på kurset.
- Gudstenestene og konfirmasjonar sidan sist v /Vegard
 - Konfirmasjonsgudstenestene i haust har gått veldig fint, og det har allereie vore kick off for dei nye konfirmantane
- Komande aktivitetar i kyrkja; -tysdagstrefff og gudstenester
 - Det vert tre tysdagstrefff i kyrkja, med salmar, musikk og kaffi. Det vert eit treff i kyrkjelydshuset 2.november, med varm mat og føredragshaldar
 - Vanskeleg å få nok medhjelparar til gudstenestene framover
- Vikar for kyrkjetenar:
 - Daniel Sandor tek ein del av denne jobben. Han er kjend med jobben. Må elles kjøpe tenester når det gjeld vasking. Det kan vere ungdommar som gjer denne jobben. Kyrkjekontoret legg ut spørsmål på FB.
 - Det er og trong for ein vaskedugnad etter at byggearbeidet er ferdig. Dette vil soknerådet arrangere.

Sak 39/21: Lys Vaken - nattevakter

Saksframstilling:

E-post frå trusopplærar Birte Husum:

Me snakka i fjar om soknerådet på Leikanger kunne organisere nattevakter til Lys Vaken arrangementet i november. Då vart det ikkje noko av, grunna smitterestriksjonar. Eg håpar difor at soknerådet kan jobbe med dette i haust. Det er snakk om natt til søndag 21.november. Me treng nattevakter som kan våke mellom ca. midnatt til kl. 8 søndag morgen. Det kan vere nokon som sit heile natta, eller at ein deler den opp i fleire delar med vaktskifte (sjå eksempel i informasjonsvedlegg). For tryggleiken må ein også fylle ut eigenerklæring/politiattest. Difor sender eg dette ut alereie no. Håpar dette går bra, og at me kan gjennomføre arrangementet som normalt i haust.

- Vi spør først foreldra til 11-åringane om dei kan ta vaktene. Tove, Åse og Signe trør til om vi ikkje får andre vaksne.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet organiserer nattevakter i samband med arrangementet Lys Vaken natt til søndag 21.november i Leikanger kyrkje.

Sak 40/21: Basar til inntekt for Kyrkjelydshuset

Saksframstilling:

Den tradisjonelle kyrkjelydsbasaren vart gjennomført også i 2020, men på ein annleis og smittevenleg måte. For mange vart dette eit kjærkome arrangement. Korleis vil vi gjennomføre basaren i haust?

- Tidspunkt
- Opplegg og gjennomføring
- Ansvarlege

Vi drøftar dette på møtet.

- Vi går for basar på «gamlemåten» i år, med samling i kyrkjelydshuset, kaffe, kaker og åresal
- **Tid: torsdag 11.november**
- Eli har hovudansvar for delegering av arbeid. Kallar inn til møte, sjekkliste ligg i kyrkjelydshuset.
- Tove samlar inn premiar frå bedrifter
- Bjørg har liste over private gjevarar. Kan ho gjere jobben med å sende ut førespurnad?
- Premiane må gjerast klare og setjast opp kvelden før (onsdag)
- Vi treng kaffikokar (Åse) og kakebakarar (konfirmantforeldre bakar)
- Konfirmantane kan gjere diverse arbeid, setje opp bord, servere, rydde.....

Sak 41/21: Ymse

Kyrkjelydsbladet:

Soknerådet har tidlegare gått inn for at vi skal halde fram med vårt eige kyrkjelydsblad i Leikanger. Hege Feet Askvik har saman med Signe Eikenes vore med i redaksjonen for bladet, Sigrid Svartefoss er redaktør. Det har ikkje lukkast å finne nokon erstattar for Hege. Sigrid blir med oss på møtet, og vi drøftar korleis vi vil drive kyrkjelydsbladet vidare.

- Det hadde vore fint med eit nytt medlem i redaksjonen, men Sigrid har allereie mange idear og planar for dei neste nummera.

Referent Tove Stensås

